

Årsmelding for 1980

losji,

Dette har vore eit aktivt år for laget. Me starta opp med leik-leiar kurs på nyåret. 19 deltakarar og Arne Birkeland som lærar og Harald Hesjevoll som spellemann. Kurset varde i to heile dagar + fest, så me var slitne då det var ut på ettermiddag søndag.

vst

arane

rk's

Me starta nybygjarkurs i felespel og det vart det 9. deltakarar. Lærar var Harald Hesjevoll ^{svare} Magne og Tordis Vigdal hadde gamal danskurs for nybygjara. 12 ungdomar var med der. I samarbeid med AOF vart det sett i gang

eit trekkspel-kurs. Lærer var Trygve Ormberg og det var 12. deltakarar.

Me starta opp med barneleikaring. Dei fyrste leidarane der var Sigrun og Lars Vigdal, Gunnbjørg og Sverre Ruud. Dei hadde Leiv Vigdal med seg som spelemann. Barneleikaringen starta opp att i haust ^{fortsett} men no i to grupper. Sigrun og Lars er med saman med Aud Fosøy og Oddbjørg Pikhauq.

Me hadde "leiktreff" for leikaringane frå Vik og innover. Det gjekk svært fint, alle gjestene reiste fornøyde heim. Me var ca 90 samla av Oddbjørg

og Jarle ~~leda~~ leda dansen godt

og Livin og Harald spelte framifrå

men F.O. måtte lakke og wet sitt eie opp, det var "søndblære"
Saman med andre lag + skulen var

me med på ~~17. mai~~ - ~~arrangementet~~

og arrangerte 17. mai programmet.

me spelte bl.a. kostymekamp, mot foreldrerådet på skulen
Ellers har dei aktive i laget vort på

kapplikar og delteke og komme at

med fine premiar. F.c.s. kom Marie

Keken att med den keramikk-figurer

som laget kjøpte hjå Hans Kwam bil gåve til fylkes-kappliken i Vik. Kåre Fosøy og Oddbjørg Pikhauq gjorde det ekstra godt i år, og kom at med 1. premie frå landskappliken i Kristiansand, ~~sjø~~ no har me 5-A-klassingar i laget.

Helga 6/7 des. hadde me ein stormønstring då me skipa til "Kultur-helgi" saman med skulemusikken, songkoret, Fram og Fostedal ungdomslag. Me hadde dansarar og spelemenn i aksjon og spelemannslaget sytte for dansemusikken om laurdagskvelder. Under programmet skilte "felejentene" opp saman med spelemannslaget og det vart flott musikk då dei fekk fleire feler med. Me fekk overskot av "helgi" og det er sett på eit "Kulturfond" i banken. Det vert kanskje aktuelt med fleire samarbeidsprosjekt.

Me har hatt 7 styresmøter i år. Formann deltok på formannsmøte i ~~17. mai~~ Vik. Spelemennene har vort saman og spelt

under leiing av Harald H.
Me har hatt faste øvingsskular i
dans, der frammetet ikkje har vore
så godt alltid. Fast spelemann
har vore Harald H.

Me har eit medlemstal på 84
og det er ^{svært} godt, men det hadde vore
yorkjeleg at flere hadde vilja vore
aktivt med på øvingane.

Asne og Ottar Bergset neste frå bygdi
i sumar, så då møste me leidarane
være, og skrivaren i styret. Oddbjørg
som sto som varamann vart ny
skrivar og leidar ^{dans} øvingane saman
med Aud Fossoy og Kåre Fossoy.

Rekneskap

Økonomien er ikkje så mykje å seie om.
Det er overskot i kassa. "Felepengane"
står fortsatt "øyremerkte", og det er
søknad inne til banken om tilskot. Ellers
skal me søke om tilskot, til dei yngre aktivitet-
ane våre gjennom "Felleørådet for
Musikkorganisasjonen".

(organisasjonane)

~~for~~ song og musikk ~~for~~ Woreg. Me har
ikkje fått nokre tilskot i år, men fele etter
betalt kr 800,- frå landslaget for spelemenn
frå 1979. ☺

Arbeidsplan for 1981

Det er ikkje bestemt så mykje arbeidet
framover. Det fyrste som skal skje er
"Polskurs" helgi 6. og 7. februar. Sedar-
ar der vert Aud Fossoy, Lidevin Hesjvoll
Oddbjørg Pikhauq og Kåre Fossoy.
Einar Ene vert spelemenn. Kurset vert
avslutta laurdagskvelden med gamal-
dans, musikk av Oddbjørn Ramstad.
Me har planar om å fortsetje med
nybyjarar på fele. Harald kan
tenkje seg å vere lærar, dersom me
får einlevar til å spele på danseøving-
ane, for han vil ikkje ha att, det vert
for mykje. Den saki arbeida me med.
Spelemennene kjem og til å ha øvingar
saman, kanskje kjem "felejentene" til
å vere med av og til og.
Barneleikaringen kjem til å fortsetje
med øving arnar-kvar helg.

me prøvde i haust med å dele opp gamle-
dampningane, slik at nybygarar kunne starte
ein time før, og fortsetje saman med røter
seinare på kvelden. Men det vart lite folk etter nokre
kveldar på nybygarpartiet, så det får me event.
prøve att seinare.

Me har snakket om å ha eit leiketreff att til
våren ein gong.

Ellers får me ta opp saker, ~~som~~ etter kvart
dersom det er noko spesielt me vil starte med.